

Køyre-uksar

1. Kjenner De til at køyre-uksar har vore brukt i Dykkar bygd?
Var det vanleg, eller kjent berre frå visse gardar?
Korleis var tilhøvet mellom bruk av hest og ukse?
 2. Vart køyre-uksane alne opp på gardane, eller kjøpte ein dei frå andre bygder, eller på marknad t.d.)?
Kven var det som selde uksar, og kvar hadde dei heime?
 3. Kan De gjera nærare greide for korleis uksane vart oppalne?
Kor gamal var uksekalven når han vart gjelda?
Korleis gjekk det for seg, og kva gjeldingsmåtar vart nytta?
 4. Har ein og nytta ugjelda uksar som trekkdyr?
Har det vore vanleg?
Er det i tilfelle nyare bruk eller kjent frå gammalt?
 5. Har ein nytta kyr som trekkdyr? Har det vore vanleg, og er det kjent frå gammalt?
 6. Kor gamal var uksen når ein tok til å køyra han inn?
Korleis gjekk det for seg?
 7. Kva slag køyring nytta ein uksane til (berre i åkeren eller og på vegane)?
Var det skilnad på kva slag køyring gjelda og ugjelda uksar vart nytta til?
 8. Køyrdde ein med ein ukse åleine, eller med paruksar?
Dersom begge deler er kjent, vil vi gjerne vita om dei var nytta til same slag køyring eller om det var skilnad på det.
Var det serleg nemning på høgre- og vinstre-uxsen?
 9. Var det brukt åk eller selar på uksen? Korleis var seletyet? Har ein nytta taum? Korleis var han festa på uksen?
- Her (på neste side) er teikna eit par-åk og eit enkel-åk, og vi ber Dykk greia ut om desse typer er kjent i Dykkar bygd, og dersom dei ikkje er det, gjer då vel og teikna eit riss av det åk som har vpre brukt.
Var åket festa til korna (korleis)?
10. Vi er takksame for om De kan skriva ned dei kommandorop som har vore nytta til uksane.

Som vanleg ber vi Dykk gjera greie for kva som er eldre og nyare bruk, og om mogleg kva tid det har kome inn, eller er gått or bruk.

